

## Årsmelding Barneidretten hausten 2013 vår 2014

Det er 15 glade og ivrige jenter og gutar som har vore med på barneidretten denne sesongen. På grunn av lite påmelde har det kun vore trening for dei yngste (femårinar) denne sesongen. Første og andreklassingane valgte å vere med på minihandball som starta opp i haust.

Det har vore mykje leik og moro med ulike aktivitetar. Ungane viser stort engasjement når dei blir delt i grupper der det er stafett liknande aktivitet. Fram til jul leia Sandra Brattelid treninga med god hjelp av foreldra til deltakarane. Foreldra har vore flinke og stille som trenar og hjelpara etter jul.

Hallen var stengt i desember og vi laga difor til ein Nissemarsj. Deltakarane fekk nissehue og vi gjekk frå hallen til Jarstadbrua og Elvestien ned att mot sentrum. Lee hadde laga bål og vi kosa oss med pølse og kakao. Det var ikkje så mange som kom, men dei som var der kosa seg. Etter pølsegrilling fekk alle medalje.

Til ungene sin store glede blei det bading på Haugland etter jul. Tilbodet varer fram til påske i år også.

Barneidretten 2013/2014

Marit Gudmundsos  
Evy Solheim  
Lee Frankland